

# Årsmøte Møre og Romsdal Gjeterhundlag 2017

16 medlemmer møtte på årsmøte laurdag 11.februar kl.14. på Systra cafe,Sjøholt.

Før årsmøte-start legg lokallaga fram sine respektive årsmeldingar.

Sak 1. Møteleiar: Hilmar Kleppe

Sekretær: Bente Bonsaksen

Nils Stråmyr og Sunniva Nupen skriv under møteboka.

Sak 2. Sakliste,innkalling godkjent.

Sak 3. Årsmelding v/Atle Arnesen

Spørsmål om uttale frå MMG om oppmoding for rep.frå Sau og Geit om å sjå økonomien.

Bente Bonsaksen hadde ikkje skrive under på årsmeldinga.

MMG vurderer om ulike deler av årsmeldinga og lurar på om det går an å skifte ut enkelte ord eller deler av årsmeldinga.

Ordstyrar meiner at sakene årsmeldinga byggjer på er diskutert og oppgjort før. Bente redegjorde for kvifor ho trekte seg og kvifor ho gjekk inn igjen .

2 styremøter er ikkje protokollført.

Årsmeldinga vart ikkje godkjent i opprinneleg form. 8-5 stemmer.

MMG fekk i oppdrag å føre i penn og gjere endringar på eksisterande årsmelding.

Ny årsmelding godkjent 8-5 stemmer.

Sak 4. Rekneskap

Godkjent med forbehold om godkjent revisjon.

Det nye styret vert oppfordra til å sjå på ein enklare modell for rekneskapsføringa.

5. Budsjett 2017: forslag lagt fram av leiaren,basert på ei inntekt på 15 000,- som er støtten laget får frå Møre og Romsdal Sau og Geit.

Godkjent.

6. Arbeidsplan – diskutert.

7. Godtgjersler til tillitsvalde: Uendra. 3000,- leiar. 3000,- webansvarleg. 1000,- pr. styremedlem.

8. Val

Leiar: Merethe Hellevik 1 år (vara: Thomas Moa Akslen 1 år) MMG

Styremedlem: Ottar Ringstad 2 år (vara: Sunniva Nupen 2 år) VSG

Styremedlem: Bente Bonsaksen 1 år (vara: Andor Bjørke 1 år) ISG

Styremedlem: Maren-Ann Helgesen Løvold 2 år (vara: Jostein Røyset 2 år) NRG

Utsending til årsmøte i MRSG: Merethe. Vara: nestleiar.

Valnemnd:

ISG: Karina Stråmyr 1 år (leiar valnemnda)

NRG: Bjørn Inge Naastad 2 år

MMG: Anne Iversen 3 år

VSG: Anne Katrin Melle 4 år

Innkomne saker:

1. Dekning av utgifter for Fylkesmeisterskapet

Vedtak: Halve kravet blir dekket.

DET ER SISTE ÅRET AT FYLKESLAGET DEKKER UTGIFTER TIL PRØVER- HERUNDER FYLKESMESTERSKAPET.

2. Uttaksreglar for NM-deltaking:

Det nye styret anmodast om å gå for 5 prøver – 2 strykningar, og følge reglementet slik det ligg føre.

Revidert reglement legges fram 2018.

Sunniva N. Nupen    Nils E. Stråmyr